

Mandat for Destinasjonsrådet

Fjordkysten og Sunnfjord

Forankring

Destinasjonsrådet er forankra i Vegkart for Reiseliv Fjordkysten og Sunnfjord,

[Vegkart for reiseliv 2025-2030 – Visit Fjordkysten & Sunnfjord](#)

Formål

Destinasjonsrådet er eit rådgivande organ som skal sikre heilskapleg koordinering av destinasjonsutviklinga i Fjordkysten og Sunnfjord. Rådet skal arbeide for ei langsiktig, berekraftig og lønnsam utvikling av reiselivet, med vekt på:

- **Strategisk utvikling:** Sikre at utviklinga av reiselivet er i tråd med *Vegkart for Reiseliv Fjordkysten og Sunnfjord*
- **Samarbeid:** Styrke dialogen mellom offentlege og private aktørar, næringsliv, frivillige og lokalsamfunn
- **Verdiskaping og berekraft:** Auke reiselivet si verdiskaping og gjestetilfredsheit, samtidig som ein ivaretek lokalsamfunna og reduserer miljøbelastning

Rolle og ansvar

Destinasjonsrådet skal:

- Gi faglege og strategiske råd for utviklinga av destinasjonen
- Sikre forankring av berekraftige prinsipp i reiselivsutviklinga
- Bidra til koordinering og samhandling mellom destinasjonsselskap, kommune og næringsliv
- Følgje opp og gi innspel til arbeidet med *Merket for berekraftig reisemål*

Organisering

Destinasjonsrådet er sett saman av representantar frå ulike nivå i forvaltning og næring, og skal sikre brei forankring av destinasjonsutviklinga.

Medlemmar:

- Ein politisk representant frå kommunane, valgt i generalforsamling
- Ein administrativ representant frå kommunane, valgt i generalforsamling
- Ein representant frå destinasjonsselskapet
- Ein representant frå kvar lokal reisemålsleiing

- Sekretariat

Visit FjordKysten og Sunnfjord er sekretariat og har ansvar for:

- Innkalling og protokollføring av møter
- Rapportering og dokumentasjon
- Saksførebuing i tråd med den årlege handlingsplanen

Møtefrekvens

- 1–2 møter per år, eller oftare ved behov
-

Oppfølging og implementering

For å sikre ei berekraftig utvikling av reiselivet i regionen, skal Destinasjonsrådet:

- Bestå av representantar som blir valde under den ordinære generalforsamlinga i Visit FjordKysten og Sunnfjord. Fram til valget er gjennomført, vil styret i Visit FjordKysten og Sunnfjord sikre at mandatet blir ivareteke.
 - Halde seg til *Vegkart for Reiseliv Fjordkysten og Sunnfjord* som styringsdokument
 - Gi innspel til handlingsplanen for reiseliv i regionen
 - Sikre oppfølging av tiltaka knytt til *Merket for berekraftig reisemål*
-

Vedlegg

1. Destinasjonsleiing Fjordkysten og Sunnfjord

Kjelder og relevant litteratur

1. [Vegkart 2025-2030 – Visit Fjordkysten & Sunnfjord](#)
 2. [Standard for Berekraftig reisemål](#)
 3. [Indikatorer for reisemål med cruiseanløp \(K\)](#)
 4. [NOU 2023:10 "Leve og oppleve – Reisemål for ei berekraftig framtid"](#)
 5. [Nasjonal reiselivsstrategi 2030](#)
 6. [Veikart for reiselivsnæringa](#)
 7. [Reiseliv 2030 - En forsknings- og innovasjons strategi for reiselivsnæringen](#)
-